



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Eirik Burkeland Smith
Radøyvegen 1622
5936 MANGER

Offentleg, men ikkje
publisert.

-

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/1180 - 18/11369

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@radoy.kommune.no

Dato:
05.09.2018

Landbrukssak Gbnr 45/43 Manger - Svar på søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket

Me synar til søknad om midlar til oppsett av gjerde, grind og gjerdeklyv på Gbnr 46/56. Gjerdet er ein del av eit større prosjekt som har fått midlar tidlegare. Områda er ein viktig del av beitegrunnet på garden og vert mykje nytta av turgåarar i kommunen. Beite skal nyttast av både geit og storfe. Søknaden er handsama i tråd med Radøy kommune sin «tiltaksstrategi for bruk av SMIL- midlar for 2016-2019».

Vurdering naturmangfaldslova:

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Vedtak:

Radøy Kommune v/Landbrukskontoret løyver kr 5845,- til oppsett av 118meter gjerde, gjerdeklyv og grind. Me synar til tiltaksstrategi for SMIL-midlar 2016-2019 for utrekning av tilskotet.

Løyvinga vert gjeve på fylgjande vilkår:

- Gjerdet skal vere permanent med sauening, toppstreng og bendsletråd. Det skal ikkje nyttast piggråd.
- Det skal tilretteleggjast for ferdsel med grind eller gjerdeklyv der der er behov for dette.
- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå tildeling.
- **Arbeidsfrist er 05.09.2021.**
- Det kan søkjast om utsetting av arbeidsfrist i inntil to år utifrå skriftleg grunngjeving, seinast 1 måned før oppsett frist går ut.
- Søkjar har forplikta seg i høve til pkt. 7 i søknadsskjema ved underskift si.
- Området skal nyttast til beite/ og eller slått i minimum 10 år frå løyving.

Utbetaling av tilskot og utsetjing av arbeidsfrist.

- Tilskott vert utbetalt når tiltaket er gjennomført i tråd med løyvinga.
- Søknad om delutbetaling av inntil 75 % av løyvd tilskott når tilsvarande mengd av arbeidet

er gjort.

- Resterande del på 25 % vert utbetalt når tiltaket er fullført og sluttrekneskapen er godkjend av kommunen.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister, kopi av eventuelle bilag og foto.
- **Til utbetaling vil kontonr. 3632.59.53904 verta nytta. Søkjar pliktar å informera skriftleg om endringar.**

Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
- Førespurnad om delutbetaling eller sluttutbetaling skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein måned.

Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.
- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak. De vil i såfall verta varsla på førehand.
- Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrifta

Klagerett :

Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følgje. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følgje skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

Med helsing

Kjartan Nyhammer

Øystein Hafnor Kolstad
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

SMIL-søknad 2018 Eirik Smith
Kart over tiltaket

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 BERGEN

Mottakarar:

Eirik Burkeland Smith Radøyvegen 1622 5936 MANGER

